

Margunn Ueland

Sår i barnesinn



*Rønnaug Kleiva:
Ikkje gløym å klappe
katten
Høgtlesingsbok frå 5 år
og oppover
Illustrert av
Inger Lise Belsvik
58 sider, 168 kroner,
nynorsk
Samlaget*

Etter at ungen gjekk ned frå fanget, vart eg sitjande og tenkja. Eg las boka om att, fleire gonger. Halve natta gjekk utan at eg sovna. Boka slapp ikkje taket på meg. Om morgonen var Anna, jenta i boka, det første eg tenkte på. Midt i havregrauten sa ungen: «Så godt at tanta gav Anna ein ny katt».

Dei beste barnebokene gjer ikkje bare inntrykk på barna, dei gjer også inntrykk på oss vaksne.

I katalogen heiter det at boka «tematiserer søskensjalousi på ein måte som er fri for moralisering, men ikkje moral.» Her handlar det om meir enn sjalousi; det handlar om eit barn som blir oversett av foreldra. Anna er eit «stygt» barn som ingen i familien forstår.

Rønnaug Kleiva skriv nake og rett fram. Me kvepp til alt på første sida. Far og Anna ser på den nye babyen: «Er ho ikkje fin? seier han. – Joda, seier Anna. – Men kattungane du drap sist veke var finare.»

Det er ein tankevekkar for oss foreldre, at det er av Anna me ristar på hovudet av i første omgang. For mor er då hardarde mot Anna enn kva jenta er mot mora! Er det verre at ei jente smiler mor si opp i andletet og seier «til helvete med alle ungene» enn at mora seier at ho «er full av faenskap»? Er det verre at Anna druknar kattermora enn at pappa druknar kattungane utan å ha snakka med jenta om det?

Det meisterlege grepet til forfattaren er at ho både sjokkerer oss, og får oss til å forstå jenta. Ho fortel aldri at Anna er trist og lengtar etter omsorg, men me for-

står det gjennom utvalet av episodar og måten ho skildrar kva jenta gjer.

Det gjer ho hjerteskerande godt. Eit eksempel: Ingen legg merke til at Anna går halvnaken ut i hauststormen. Når ho kjem stivfrosen inn, vonar me like inderleg som Anna at mora skal ta imot barnet sitt: «Mamma tek hendene til Anna i sine for å varme dei. Mamma sine hender er store og mjuke, som ei dyne om natta. Anna får lyst til å gråte. Ho løfter andletet mot mor si. – Du kan bli forkjøla, seier mamma. Veit du ikkje at du kan smitte babyen dersom du blir forkjøla? Anna går inn på rommet sitt og legg seg under dyna med alle kledda på.»

Anna gret ikkje når nokon ser det, Anna går ikkje til mor og far og ber om kos. Ho er blitt avvist så mange gonger at ho har hardna til. «Kvar er det barnet som berre vil gråte? Det spelar fotball med dei andre i veggen. Det er den råaste spelaren av dei alle.» «Pass deg, eg skal gi deg ein på skinnleggen, ropar det og spar kar.»

Det Anna gjer for å få ut noko av alt det såre og vonde ho ber inni seg, fører ikkje til meir omsorg, men til meir kjeft og avvising: Ho bannar og lyg, ho klypper håret av veslesøster og kastar plenen full av stein. Ho druknar humler, druknar katten og ho kunne godt tenkja seg å hiva babyen i do og skylla han ned.

Mor snakkar høgt om kor umuleg Anna er, og når Anna kjem, skrik ho «nå orkar eg ikkje meir!» Far er oppteken på viktige møter, i telefonen og bak avisen.

Er det rart at Anne tek til å lura på om mor og far er dei rette foreldra hennar? Ho går og går på vegane og fantaserer om at dei rette foreldra hennar er ute og leitar etter henne.

Sjøl om det gjer vondt å lesa, rommar boka også «lys og varme»: For her er to andre vaksne, ei framand dame og tante, som ser og gir positive tilbakemeldingar på dei gode sidene til barnet.

Kva gjer Anna når den nye katten ho får av tante klorar henne så blodet pipplar? Ho klappar katten.

Der fins ikkje eit overflødig ord i teksten til Rønnaug Kleiva. Alt er ladd med mening.

Inger Lise Belsvik har laga spanande illustrasjonar og handmåla bokstavar. Den grafiske utforminga har også høg kvalitet: Bruk av fargar, skrifttypar, tekst og bilete er nøye gjennomtenkt slik at alt dannar ein vakker heilskap. La meg få gratulera Samlaget for ei gjennomført god barnebok, den beste eg har lese så langt denne barnebokhausten.